

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL

KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 2

Sommaren 2023

55 . årgang



«Det skjer et under i verden
hver gang et barn blir til
over det gryende livet
lyser Guds skapersmil.»

*God
sommars!*



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVEVJERJE
Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



SOKNEPREST
Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag



ORGANIST
Sergio Okstad
tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR
Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: hw337@kyrkja.no



DIAKON
Solgunn Vårlid Stensæter
Tlf. 948 65 195
E-post: ss223@kyrkja.no



KYRKJETENAR
Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no



KONTORSEKRETÆR
Laila Sveen
Tlf. : 611 21 320/ 911 23 183
E-post: ls456@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Magnhild Claudius, leiar
Tlf.: 94164449
E-post: magnhilc85@gmail.com



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Steinar Stenseth, leiar
Tlf. 975 69 228
E-post: steinarsten@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESRÅD**
Anders Grønbrekk, leiar
Tlf. 905 64 184
E-post: angro53@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen og
Wenche Hillestad Møller

Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:

Kr. 250,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 300,-
Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla

Bibelordet:



«Gled dykk alltid i Herren!
Endå ein gong vil eg seia:
Gled dykk! Lat alle men-
neske få kjenna kor god-
hjarta de er. Herren er nær.»
Brevet til Filipparane 4, 4-5

Sommaropen kyrkje



Bruflat kyrkje er sommaropen 4. juli – 5. august

tysdag-søndag kl. 11-15
Du kan stikke innom, få omvising og ein
liten prat, eller berre kome inn i kyrkjerom-
met, vere stille og tenne lys.

Lunsjkonserter ved organist Sergio Okstad



Torsdag 27. juli
Torsdag 3. august

Begge dagar
kl. 11.30 – 12.00

Leige Bruflat menighetshus?

Kontakt Anne Marit Stensæter
410 47 417

Etnedal rundt på ei helg 29. – 30. juli 2023

Søndag 30. juli kl. 11.00
Gudsteneste i Bruflat kyrkje
Kl. 12.00 Blåflat Gard. Opning
Kl. 13.00 Omvisning i kyrkja
Kyrkja er open til 15.00

HAN SENDTE LYSET

Ludvig våknet til en ny dag – en dag i juni
hvor Vår Herre fikk alt til å klaffe.
Han sendte lyset.
Det fløy rett inn i hengebjørka
og utatt på andre sia.
Løvhengt sto att, gjennomstrømmet av sol.

Kjell Aukrust

Gudsteneste på N. Lenningen seterhus



Søndag 6. august kl. 11
Sergio organist og Marit prest.
Etter messa; rummegraut,
kaffe og hesteskotevling.

Bruflat kyrkje 27. august kl. 11.00



Familiegudsteneste med dåp.
Utdeling av kyrkjebok til 6-åringar
og markering av skulestart.

Normisjonsdag søndag 4. september

Normisjonsdagen fyrste søndagen i september er tradisjonsrik, og i meir enn femti år har det vore fokus på Normisjon (tidlegare Indremisjonsselskapet) Dette året får vi besøk av fellesskapskonsulent **Ståle Sandbekken**.

Brødrerøster frå Hamar deltek.



Ståle Sandbekken

Brødrerøster
frå Hamar



En Stor Jesus



Bestemor hadde besøk av barnebarnet på seks år. På veggjen hadde hun et stort Jesus-bilde. Barnet så på bildet og utbrøt: «Du har en stor Jesus du, bestemor!» Det samme kan vi si om døperen Johannes. Teksten gir eksempler på de store ordene han brukte om Jesus. Både her og i andre sammenhenger omtalte han Jesu storhet – med grensesprengende ord:

- Jesus er sterkere enn meg. Hans rolle i Guds frelsesplan er mye større.
- Han er fra evighet og har sitt utspring i himmelen. «Han er ovenfra, jeg er nedenfra» (Joh 3,31).
- Han kommer for å fullføre noe som jeg bare er en forløper for.
- Han kommer med den nye frellestiden. Den er kjennetegnet både av at synden blir tilgitt og at Ånden tar bolig i hjertene. Hans dåp er en Ånds-dåp (Esek 36,25–27).
- Han fortjener langt større respekt enn meg. Jeg er ikke engang verdig til å løse sandalremmene hans.
- Han er verdensdommeren, hovedaktøren på «treskeplassen». Når Guds dom skal gå over verden, er det Jesus som har kasteskovlen. Den skal han bruke for å skille kornet fra halm og agner.

Folk kom i hopetall til Johannes. De bekjente syndene sine og ble døpt i Jordan. Og om igjen og om igjen hørte de det han sa om Jesus.

Det aller viktigste Johannes sa om Jesus, er ikke gjengitt i denne søndagsteksten. Det er ordene om at Jesus kom for å være offerlammet, som skulle sone for

syndene våre: «Se der, Guds lam, som bærer verdens synd» (Joh 1,29).

Dette innebærer at vi – uten å ha fortjent det – får være Guds barn, blir frifunnet i dommen og arver Guds rike sammen med Jesus.

Kanskje bestemor nettopp hadde alt dette i tankene, da hun hengt opp Jesus-bildet sitt.

Dosent emeritus
Egil Sjaastad
Fjellhaug internasjonale
høyskole



Omvendelse

Herre, da jeg den morgenen så dem som vendte seg mot lyset, først mysende, siden glade i solstrimene som møtte dem, forstod eg kva omvendelse er.

For det var jo i en slik omvendelse vi skulle leve, vendt mot deg.

Oskar Stein Bjørlykke

Glimt frå kyrkjelivet

Alle tekster: Marit prest

Årsmøte - kyrkjelydsfest 14. april

Det var fin og triveleg ramme rundt kyrkjelydsfesten, då årsmeldingar og rekneskap for Bruflat sokneråd 2022 vart lagt fram. Meldingane synte at 2022 hadde vore eit aktivt, godt år. Ei av tenesteoppgåvene til konfirmantane er servering på denne festen, og det gjorde dei på ein utmerka måte (sjølv om «alle» gløynde å ta bilde). Turid Fossen Nysveen serverte god Gullhaugsuppe og det var eit rikhaldig kakebord.

Leiar i Bruflat sokneråd Magnhild Claudius batt det heile saman på ein god måte.



Prost Carl Philip Weisser var med og fortalte friske historiar, før han presenterte prostekrossen i Hamar bispedømme, som er ein dobbel kross. Den inste delen er ein kopi av ein kross som vart funne i området for det gamle handelsstedet på Mjøsstranda utover mot Domkirkeodden.



Trusopplærar Helena Wright og organist Sergio Okstad hadde flotte musikkinnslag.



Utsnitt av forsamlinga



Kake for kyrkjelydsfest

17. mai i Bruflat kyrkje

«Gud er attåt», sa ein skysskar til ein av Eidsvoldsmennane, på veg til kyrkja på Eidsvoll i 1814. Dei starta forhandlingane med å gå til kyrkje, der for øvrig Nikolai Wergeland (Henrik Wergelands far) var prest.

17. mai hadde vi, tradisjonen tru, gudsteneste i Bruflat kyrkje. Vi feira grunnlova, som er tufta på dei kristne grunnverdiene, slik dei kjem til uttrykk i Bibelen.

Konfirmantane leia gudstenesta på ein forbilledleg måte. Temaet var takksemd, noko Marit prest tok opp i preika. Demokrati og fridom sto elles sentralt. Desse viktige sakene vart lyfta opp mot det alvorlege bakteppet med krig i Europa, undertrykking og overgrep i ulike delar av verda, og undergraving av demokratiet i fleire land. Eit godt liv i eit fritt demokrati, er ikkje sjølvstøtt, det må kjempast for.

**Gud, signe vårt dyre fedreland,
og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred frå fjell til strand
og vetter for vårsol røma!
Lat folket som brøder saman bu,
som kristne det kan seg søma.**

**Fyrste vers, fedrelangssalmen vår,
skrivne av Elias Blix**

Kongesangen vart også sunge, i takksemd for Kong Harald og kongehuset si viktige, samlande rolle i samfunnet vårt. Det var godt å sjå kongefamilien, med kongen sjølv på slottsbalkongen, etter ei sjukemelding i vår.



Frå gudstenesta,
foto Linda
Mæhlum Robøle

Bruflat sangkor gledet også dette året med sin gode sang.

Dirigent: Hege Bergmann Rotnes.
Foto: Linda Mæhlum Robøle



Blesen, Kristi himmelfartsdag



Organist Sergio og Marit prest tek med glede denne åsturen om våren. I tillegg til godt fellesskap med gudsteneste, frisk sang, stillheit og ord til ettertanke, var det triveleg og langt lag med rummegaut, kaffe og kaker etterpå.



Sigrun og Kåre Espeseth tok hjarteleg imot til grendegudsteneste på Blesen Kristi himmelfartsdag, 18. mai, slik dei har gjort så mange gonger før.

29. mai, 2. pinsedag, gudsteneste på Brusveen

Mange hadde funne vegen til grendegudstenesta i det trivelege, gamle skulehuset. Den heilage Ande var naturleg nok tema i pinsa, denne personen som er vove saman med Faderen og Sonen i den heilage treeininga.

Det er vitnemål om Anden allereide frå fyrste sida i bibelen. Gjennom heile det gamle testamentet kan vi sjå spor etter Andens gjerning, men då er det avgrensa til eit fåtall menneske. Etter pinsedag finnst ikkje desse grensene lenger. Etter at Jesus hadde fullført si

livsgjerning, utvidast Andens virkeområdet til alle menneske, og oppgåva til Anden heng nøye saman med Kristusnærværet i verda, etter at Herren Jesus sjølv hadde vendt attende til den himmelske dimensjon.



Sergio organist og Marit prest på Brusveen



Triveleg bordsete på Brusveen
Foto:
Ingebjørg Storsveen



ØNSKEDIKTET

Eg vil takke Anne Lise Grønbrekk for utfordringa med å finne dikt til den fine Kyrkjevarden vår. Diktet eg har valt, vil vel mange si er ei salme, men eg likar det så godt at eg velger å bruke det.

Gje meg handa di ven, er skrive av Sondre Bratland i 1988 til eit album med voggviser.

Kurt Nilsen og Helene Bøksle framførte det på minnekonsert i Oslo domkirke 30. juli 2011.

Eg utfordrar veslebror min Svein Arve Kringli til å velge ønskedikt i neste Kyrkjevarden.

Gerd Bergene

Gje meg handa di ven

*Gje meg handa di, ven, når det kveldar,
det blir mørkt og me treng ei hand.
La dei ljose og venlege tankar
fylgje oss inn i draumars land.
Lat varmen frå ein som er glad i deg
tenne stjerner i mørkaste natt
Gje meg handa di, ven, når det kveldar
det blir mørkt og me treng ei hand.*

*Varme tankar og hender som trøystar,
er som sol over frosen jord.
Kjenne varmen frå ein som er nær deg
gjev langt meir enn store ord!
Lat varmen frå ein som er glad i deg
tenne stjerner i mørkaste natt!
Gje meg handa di, ven, når det kveldar,
Det blir mørkt og me treng ei hand.*



Gerd Bergene har valt dikt til spalta vår i denne utgåva av Kyrkjevarden

MI SALME

Takk for tilliten, Espen og Karoline.

E har valgt «Å leva, det er å elska» av Anders Vassbotn. Dette syns e æ ei veldig ålreit salme.

Stafettpinnen går vidare til mine gode «naboer» Albert og Sara Bråten Asbjørnsen
Takk for me!

Ronni H. Grønbrekk



Å leva, det er å elska

*Å leva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå;
Å leva, det er i arbeid
mot rikare mål å trå.*

*Å leva, det er i livet
å finna det største verd;
å leva det er å vinna
til sanning i all si ferd.*

*Å leva, det er å leggja
all urett og lygn i grav;
å leva, det er som havet
å spegla Guds himmel av.*

KYRKJA SKAPAR TRYGGE ROM Held LHBT+-kurs for alle tilsette

Tekst: Hamar bispedømmeråd

*Våg å leve åpen, våg å kjenn deg fri
Våg å føle det du gjør, si det du vil si*

Det er sterkt når Sebastian Christensen syng om å vere skeiv, i møte med kyrkja. Nokre av tilhøyrarane ser ned, og andre tørkar tårar. Vi er på kurs. Sebastian og to rådgjevarar frå Hamar bispedømmekontor har i vår møtt flest mogleg av kyrkja sine tilsette for å auke kunnskapen om LHBT+, kjønn og seksualitet. LHBT er kortform for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar. Målet med kurset er å skapa trygge rom og å vere ein god arbeidsplass for alle, også frå eit LHBT+-perspektiv.

« - Vi skal ikkje endre folk sine standpunkt, men måten vi møter kvarandre på», seier Sebastian. Han er rådgjevar i VAKE, kyrkja sitt ressurscenter mot seksuelle overgrep. Sebastian har 40 års erfaring frå kyrkja og har opplevd på kroppen det som framleis er på agendaen. For det har ikkje vore lett å vere skeiv, ikkje i kyrkja, og heller ikkje i samfunnet forøvrig.

I 1954 vedtok Bispemøtet ei uttale der seksualitet utanom norma vart sett som «Vederstyggelig perversitet». Folk i kyrkja har vore nøydde til å kjempe for



Desse tre har vore på besøk i heile Hamar bispedømme. Fv. Lars Erlend Kielland, personalsjef Hamar bispedømmeråd, Sebastian Christensen, rådgjevar i VAKE og April Holten, diakonirådgjevar i Hamar bispedømmeråd. Foto: Jens Dale



Sebastian Christensen talar rett frå hjartet når han møter tilsette i Sør-Østerdal prosti.

Foto: Hamar bispedømmeråd

plassen sin, også kvinner, og det er framleis ein veg å gå.

Kyrkerådet sin leiar, Kristin Gunleiksrud Raaum seier det slik: « - Det er to teologiske syn i Den norske kyrkja på vigsel av likekjønna par. Uansett kyrkja sitt syn så må vi arbeide med vår kunnskap og vår praksis, slik at alle får eit godt møte med kyrkja si.»

Og det er nettopp dette kursa handlar om. Dei har kome i gang på bakgrunn av ei bekymringsmelding frå tilsette og frivillige med LHBT+-bakgrunn. Eit utval vart sett ned og ei undersøking vart gjort. Den synte eit behov for kompetanseheving blant alle tilsette, frivillige og folk i kyrkjelydane. Nå kursast altså heile kyrkja for å kunne møte alle på ein god måte. Kurset er obligatorisk for alle kyrkjelege tilsette.

Sebastian opplever møtet med kyrkja sine tilsette i Hamar bispedømme som meningsfylt.

«- Responsen fortel meg at mitt bidrag er viktig, seier han, når du må sjå nokon i auga så mildnar det noko.

Som transperson og muskar opplev eg at barrierane brytast ned: « - Høyr her, eg er skeiv, vi er menneske.»

Poenget med kursa er nettopp å bygge ned barrierar. I alle kyrkjelydar vil det vere folk med LHBT+-identitet. Tema kjønn og identitet har vore ukjent og framandt for mange. Erfaringar frå kursa syner at dei som har delteke har fått auka kunnskap. Så vellykka har kursopplegget vore at andre trussamfunn vurderer å ta det i bruk. Det vil også konsernet Equinor som brukar kurset som inspirasjon til eit eige kursopplegg internasjonalt.

« - Det er nyttig og viktig at tema framleis er på agendaen, fordi det gjer så mye skade kva vi seier og kva vi gjer – det er menneske vi pratar om», seier Sebastian og syng:

*For tiden er for kort til flukt
Bruk den mens du kan
Noen trenger alt jeg er
men og at jeg er sann.*

Valdres i 1000 år - 2023

Olsokfeiring laurdag 29. juli

Bli med på Olsokfeiringa for heile Valdres, laurdag den 29. juli. Programmet startar kl. 12.00 utanfor Slidredomen i Vestre Slidre. Prologen er klar, og historielaget ansvar for starten på dagen.

Kl. 13.00 blir det fredsgudsteneste i Slidredomen. Vi reknar med at kyrkja blir full, og at vi får til god overføring av messa til folket på utsida. Biskop Ole Kristian Bonden vil leie messa saman med prosten og fleire prestar og lekfolk. Kantor Monica Solberg står i leiinga for eit felles kor og klokke-prosjekt som mellom anna har ei urframføring denne dagen. Pilegrimmar som har vore på vandring i fleire dagar frå Nyssetstølen i Etnedal kjem over åsen og blir med på messa. Dei har stopp på Kyrkjesletta. Der blir det informasjon om kyrkjestaden og servering til pilegrimane ved fleire frå kyrkjestaben i Etnedal. Dei vil også ha andakt med musikkinnslag.



Prost Carl Philip gler seg til jubileumsarrangement i sommar og haust og håpar dette kan bli til glede for mange.



Når messa er slutt laurdag 29. juli, blir det folkefest i hagen til Slidre prestegard. Her vil det vera musikalske og kulturelle innslag ved kulturskulane i Valdres. Barne- og familieminister Kjersti Toppe kjem og alle ordførarane i Valdres er på plass. Programmet vil gå føre seg utandørs. Det blir servering av mat til alle, og vi planlegg ei utstilling av lokalt produserte kyrkjetekstilar i samarbeid med Marit Anny Løken Tvenge. Utstilling og sal av Valdresprodukt står og på planen.

Stor kyrkjedag i Sør-Aurdal den 27. august

Den 27 august blir det festgudsteneste med ordinasjon av Ellen Oddveig Rudi i Begnadalen kyrkje kl. 11.00. Ellen har vakse opp i Øystre Slidre og brei yrkeserfaring både som lærar og sjukepleier. No er ho ferdig utdanna prest og skal ordinerast av biskopen. Prosten og fleire prestar er og med. Etter messa er alle inviterte på kyrkjekaffi. Folk frå heile Valdres er velkomen til å vera med!

Om ettermiddagen kl. 16.00 startar ei «kjeldevandring» frå Olavskjelda på Leirskogen. Historielaget leier vandrainga langs kongeveggen til Leirskogen kyrkje. Der blir det servering av enkel kveldsmat og så endar vi dagen med kveldskonsert kl. 19.30. Namnet på konserten er: «Som en kilde klar og ren».



Slidredomen og området rundt prestegarden var staden for hovudfeiringa av 900-årsjubileet i 1923, og 29. juli er heile Valdres inviterte til 1000 års-feiring.

1000-årsmarkering på byfesten i Fagernes

I september blir det byfest i Fagernes. Her blir det mykje spennande som skjer. Ungdom har jobba med noko som kallast «Ungdommens hærpil». Opplysningsvesenets fond, Nansenskulen og Norge i 1000 år har eit samarbeid om eit ungdomsprosjekt for demokrati og fredsskaping. I juni har det vore ei samling for ungdom i Slidre prestegard og på byfesten kjem dei til å presentere ting dei har arbeida med.

Følg med på program som oppdaterast på heimesida til Valdres Natur og Kulturpark!

Carl Philip Weisser

Stor kyrkjedag i Sør-Aurdal 27. august

Den 27 august blir det festgudsteneste med ordinasjon av Ellen Oddveig Rudi i Begnadalen kyrkje kl. 11.00. Ellen har vakse opp i Øystre Slidre, og har brei yrkeserfaring både som lærar og sjukepleier. No er ho ferdig utdanna prest og skal ordinerast av biskopen. Prosten og fleire prestar er og med. Etter messa er alle inviterte på kyrkjekaffi. Folk frå heile Valdres er velkomen til å vera med!

leier vandrainga langs kongeveggen til Leirskogen kyrkje. Der blir det servering av enkel kveldsmat og så endar vi dagen med kveldskonsert kl. 19.30. Namnet på konserten er: «Som en kilde klar og ren».

Følg med på program som blir oppdatert på heimesida til Valdres Natur og Kulturpark!

Carl Philip Weisser

Om ettermiddagen kl. 16.00 startar ei «kjeldevandring» frå Olavskjelda på Leirskogen. Historielaget


Relansering av Kyrkjepass

Det er heilt unikt at vi i Valdres har eit lite hefte der alle trettifire kyrkjene er presentert med bilete og omtale. Passet kan ein kjøpe på eit av kyrkjekontora eller på turistinformasjonen på Fagernes for kr.100,-. Ved alle kyrkene finnes små kasser med stempel i. Kwart stempel er spesiellaga med motiv frå den aktuelle kyrkja. Dei fleste stadar kan ein også finne eit lite meditasjonsark, som ein kan ta med seg.

Premiering

Premiering er det også; **når born har stempel frå alle kyrkjene i sin kommune**, kan dei få eit gripkors-halskjede i oliventre om dei stikk innom sitt kyrkjekontor.

For alle: Når ein har vore ved alle seks stavkyrkjene og steinkyrkjene frå mellomalderen, er premien ein Kristuskrans – eit lite armband der kvar perle symboliserer noko viktig i livet.



Kyrkjepasset er eit vakkert lite hefte, der alle kyrkjene i Valdres er presenterte

Når ein har **samla stempel frå alle trettifire kyrkjer, kan ein stikke innom eit kyrkjekontor og få passet godkjend**. Då blir det take ein kopi av sida der namn og adresse står, og deltek automatisk i ei trekking av ein kunstbibel mot slutten av året.

6. mai vart kunstbibelen for 2022 overrakt til vinnaren; Marius Moberg. Han fortel at det er interessant å reise rundt og sjå alle dei ulike kyrkjebygga. Dei representerer viktig kulturarv og arkitektur, og plasseringa i landskapet er spennande å oppleve. Han anbefalar at mange tek denne rundreisa. Han seier at dette er ein flott måte å bli kjend på plassar i Valdres, kor ein elles ikkje reiser.

Carl Philip Weisser



Prost Carl Philip overrekker den flotte kunstbibelen til Marius Moberg i Tingnes kyrkje.. Marius har samla stempel frå alle 34 kyrkjene i Valdres og vann trekninga for 2022.

INFO FRÅ KYRKJEKONTORET

Informasjon fra fellesrådet ved kirkevegen:

Bilde: Marie Bjørnødegård

Gravminner på kirkegårdene

Steinselskapene skal alltid sende søknad om oppsetting av nytt gravminne til Etnedal kyrkjelege fellesråd. Vi godkjenner alle gravminner som Våren ble kort og sommeren nærmer seg, med det minner vi om at det er viktig at alle som ønsker å flytte på eksisterende gravminner/steiner tar kontakt med kirkekontoret. Ved montering av nytt gravminne (samt etter endring av gravminner) skal kirketjener merke opp hvor det skal stå.

Følger retningslinjene i § 21 til §26 i gravferdsforskriften (Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd).

Utvidelsen av Nord-Etnedal kyrkjegard



Vi har over mange år arbeidet med utvidelsen ved Nord-Etnedal, nå nærmer den seg ferdig.

Det gjenstår i hovedsak:
Mur til navnet minnelund
Vannposter
Gjerde
Noe matjord og såiing

Vi håper å være ferdig med dette på sensommeren 2023, slik at vi kan invitere til åpningsseremoni høsten 2023.

Åpningstider på kirkekontoret

Kirkekontoret har publikumsbetjening tirsdager og torsdager fra:

kl. 09.00 til kl. 15.00. Vi er tilgjengelige alle dager kl. 09.00 – kl. 15.00 på telefon og e-post. Ved møter eller annen aktivitet kan dere sende oss en beskjed, så ringer vi tilbake.

Vi oppfordrer alle til å ta kontakt med oss hvis dere har spørsmål, og/eller det er noe vi kan hjelpe dere med.

Kom innom, ring oss, send oss en e-post eller et brev til Etnedal kyrkjelege fellesråd, Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal. Kontaktinformasjon til alle ansatte finnes på www.kirken.no/etnedal, pluss på s. 2 her i Kyrkjevarden.

Lenningen seterhus



Lenningen seterhus leies ut til lag/ foreninger og privatpersoner i Etnedal kommune.

Ta kontakt med kirkekontoret for spørsmål om leie.

Utleiepriser:

Privatpersoner:

1 dag/ kveld:	kr.	500,-
1 døgn:	kr.	1000,-
Helgeopphold (fre. - søn.):	kr.	2000,-
Langweekend	kr.	3000,-
1 uke:	kr.	5000,-
Påskan:	kr.	8000,-

Lag og foreninger:

1 dag/ kveld:	kr.	500,-
1 døgn:	kr.	1000,-
Helgeopphold (fre. - søn.):	kr.	3000,-
Langweekend	kr.	4000,-
1 uke:	kr.	6000,-
Påskan:	kr.	9000,-

Kyrkjevalet 2023

Kyrkjevalet er to val

Du kan stemme på kandidatar til sokneråda i Etnedal, og til bispedømeråd.

Til soknerådsvalet i Etnedal har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidatar til Bruflat og Nord- Etnedal sokneråd. Dei skal leie kyrkjelydane i fire år. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Ved val til bispedømeråd i Hamar bispedømme stiller Bønnelista, Nominasjonskomitéens liste og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste, og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje. Stad og tid

Valet er 10. og 11. september 2023 i

Etnedalshallen for begge sokn:

Sundag 10. september 2023 - kl. 13.00 – kl. 18.00

Måndag 11. september 2023 - kl. 11.00 – kl. 18.00

Førehandsstemmegjeving for

begge sokn er på kyrkjekontoret:

Tysdagar og torsdagar kl. 10.00 til kl. 14.00 i perioda 10. august til 8. september 2023.

- Samt eitt nasjonalt tidspunkt for førehandsstemmegjeving: den siste torsdagen i august, altså 31. august fra kl. 1500-2000 vil det vera ope på kyrkjekontoret for forehandstemmegjeving.

Førehandsstemmegjeving etter gudsteneste er i:

Nord- Etnedal kyrkje for Nord Etnedal sokn – søndag 20. august 2023, kl. 12.30 - 13.30

Bruflat kyrkje for Bruflat sokn – søndag 27. august 2023, kl. 12.30 – 13.30

Digital førehandsstemmegjeving for

begge sokn er open:

Alle dagar – 24/7 – i perioda 10. august til 6. september 2023

Du vil også kunne logge deg på valportalen - www.kirkevalget.no for å stemme. Nærare instruksar blir lagt ut på kirkevalget.no, kirken.no/etnedal og [facebook](https://www.facebook.com/kirken.no/etnedal) sida til Kyrkja i Etnedal.

Viktig å vite:

- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkje.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15. (Er du født i 2008 eller før har du stemmerett i 2023)

Råda

Arbeidet til soknerådet og bispedømerådet spenner over mange felt. (Medlemmer til Kyrkjeleg fellesråd blir valt av sokneråda) Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, gudstenestearbeid, omsorg (diakoni), musikk, misjon, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, miljø og rettferd. Soknerådet leiar arbeidet i sin kyrkjelyd. Bispedømmerådet leiar arbeidet i bispedømmet.

Fyrste veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkje eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, og stem!

Kandidatliste til Bruflat sokneråd

Ved val til sokneråd i Bruflat sokn er det ei godkjent valliste: Nominasjonskomitéens liste. Valet blir gjennomført som fleirtalsval.

1. Åge Kleven
2. Hanne Byfuglien
3. Syver Øistuen
4. May Britt Småladen
5. Gjermund Urberg
6. Hilde Hestås Kolstad
7. Jan Aune
8. Ingrid Helle Bjørnødegård
9. Kjell Arne Sveen
10. Kari Bergsbakken Byfuglien
11. Torild Hagen

Kandidatliste til Nord- Etnedal sokneråd

Ved val til sokneråd i Nord- Etnedal sokn er det ei godkjent valliste: Nominasjonskomitéens liste. Valet blir gjennomført som fleirtalsval.

1. Oddvar Bergsbakken
2. Turid Hagaseth Byfuglien
3. Tor Olav Hjelleseth
4. Elin Hestekind
5. Solfrid Skogstad
6. Oddveig Bergsbakken

Kandidatlistar til Hamar

bispedømmeråd/ Kirkemøtet

Ved årets kyrkjeval er det tre lister til val av leke medlemmer til bispedømmeråd/Kirkemøtet - Bønnelista, Nominasjonskomitéens liste og lista frå Åpen folkekirke. Valet blir gjennomført som forholdstalsval.

Bønnelista

1. Filip Hovland, Hunndalen (2000)
2. Vidar Haugen, Åsnes Finnskog (1955)
3. Anders Stanghelle, Sagstua (1946)
4. Ola Simon Østtveit, Ottestad (1957)
5. Oddfrid Eriksrud, Folldal (1964)
6. Anna Lund Grønneng, Arneberg (1954)
7. Tor Gunnar Spigseth, Arneberg (1976)
8. Helena Cecilia Paashe, Hunndalen (1999)
9. Karin Helga Brustuen, Øyer (1953)

Nominasjonskomitéens liste

1. Gunnstein Endal, Gjøvik (1956)
2. Anne Kristine Rossebø, Våler i Solør (1962)
3. Adrian Sagvold Grøndahl, Gjøvik (1998)
4. Trond Enemo, Stange (1975)
5. Arne Skogsbakken, Søndre Land (1960)
6. Nina Catrine Aaser Damhaug, Åsnes (1970)
7. Marianne Moen Kjellgren, Åsnes (1966)
8. Ragnar Løsnesløyken, Ringeby (1973)
9. Elin Johanne Gravdal Øvrebotten, Gran (1957)
10. Jennor Sivesindtjet, Vestre Toten (2004)

Åpen folkekirkes liste

1. Sveinung Moesgaard Skjesol, Gjøvik (1970)
2. Kjersti Drtina Øversveen, Elverum (1965)
3. Vanja Hole Joramo, Lesja (2001)
4. Njål Slettemark Føsker, Nord-Odal (1969)
5. Kristin Storbråten Stadsvold, Dokka (1995)
6. Ranveig Finnanger, Stange (1964)
7. Iselin Vistekleiven, Vågå (1983)
8. Bjørn Frydenborg, Os (1952)
9. Lisbeth Sydbøge, Gjøvik (1969)
10. Stig Kenneth Limmesand, Lillehammer (1993)
11. Anders Fredrik Drevland Tømmerberg, Elverum (2004)
12. Line Gertrud Lundstein, Ringsaker (1970)
13. Torhild Morgestad, Engerdal (1956)
14. Borgny Skansen Sletten, Vinstra (1974)
15. Frøydis Johanne Angard Ulateig, Lillehammer (1971)
16. Knut Arne Jacobsen, Øystre Slidre (1958)
17. Martin Gutuen Alnes, Lillehammer (1998)
18. Jan Rikard Aas, Vestre Toten (2004)

Les meir om kandidatane til bispedømmerådsvalet på www.kyrkjevalet.no

Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkje som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.

Godt val!



Etnedal
kommune

- Minst og best -

Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no, og Etnedal kommunes facebook-side

17. mai – takk for en fin feiring

Tekst: Linda Mæhlum Robøle

Foto: Linda Mæhlum Robøle og Heidi Herstad Fjeld

Utdrag fra ordførers 17. mai tale 2023:

Gratulerer så mye med 17. mai og nasjonaldagen. Norge – det fine, vakre landet vårt – har gebursdag – og det er virkelig verdt å feire. Derfor pynter vi oss og feirer slik tradisjonen er med flagg, barnetog, hurrarop, musikk, leker og god mat. 17. mai er barnas dag, og det er ungene som står i sentrum. Akkurat det synes jeg er ekstra fint med 17. mai!

Vi feirer vår selvstendighet og grunnlov. Vår frihet og uavhengighet. Det er på sin plass å sende en varm tanke til alle som har gått foran og kjempet for våre grunnverdier som vi har bygget vårt samfunn og vår nasjon på. Demokrati, folkestyre og fellesskap er verdier som vi aktivt må verne om og forsvare. Ja, hver eneste dag må også vi jobbe for disse verdiene. Tidligere i dag er det lagt ned kranser ved minnebautaer om soldater som falt og mistet livet i Etnedal under de dramatiske april dagene i 1940. Da ble vårt eget land invadert. I vår tid opplever vi igjen krig på europeisk jord. Ukraina er invadert og blir forsøkt okkupert i en brutal angrepskrig. Våre tanker går til soldatene og folket der som i denne stund kjemper for sin frihet og sin selvstendighet. Ukraina kjemper for de samme verdiene som vi i dag feirer i Norge. Jeg ønsker å si spesielt velkommen til dere som har flyktet fra krig og konflikt, og i dag deltar



Fra gudstjenesta i Bruflat kyrkje, der konfirman-tane var med. Foto: Linda Mehлум Robøle



Foto ved bauta på Tonsåsen: Kjetil Fjeld
Flaggvakter er Simen Herstad Fjeld og Synne Borghild Robøle fra 8. klasse

på feiringen av Norges nasjonaldag. Vi står sammen med dere og støtter dere. Vi deler – og kjemper for – de samme verdiene. I especially welcome those of you that have fled war and conflict. We stand with you and support you. We share - and fight for – the same values!



Foto av 17. mai toget med kyrkja i bakgrunnen: Heidi Herstad Fjeld



Etnedal
kommune

- Minst og best -

Bedriftsbesøk – Ødegård Sag

Den gode lukten av nyskjært tømmer var det første jeg la merke til da jeg besøkte Ødegård Sag i Etnedal i dag. Jeg ble godt tatt imot av innehaver Fred Olav Ødegård og ansatt Vegard Byfuglien.

Virksomheten, som Fred Olav startet i år 2000, begynte hovedsakelig med leieskjæring av tømmer for bønder og skogbrukere i bygda. I dag baserer driften seg på videreforedling av kortreist tømmer og virke. Det skjæres årlig ca 600 m³ tømmer og produseres blant annet skigard av saktevoksende gran fra Valdres, utemøbler, panel, lafteplank, listverk og annen trelast. Sagbruket leverer også nisjeprodukter. Maler av gammel panel eller listverk kopieres og produseres opp i ønsket mengde, og kan leveres i de fleste dimensjoner.



Innehaver Fred Olav Ødegård og ansatt Vegard Byfuglien tar godt imot på Ødegård Sag

Ødegård Sag har kunder og leveranser i nær sagt hele landet. I vinterhalvåret er det fire årsverk i bedriften, og om sommeren er det opptil 10-12 personer som bidrar i høysesong med leveranser og montering av skigard, porter, utemøblement og annet. Vinteren brukes til å skjære tømmer, produsere og montere deler.

Skigard og utemøblement produsert i Etnedal finnes overalt. Ødegård Sag leverer populære produkter som distribueres vidt. Bedriftens samtidige fokus på å videreforedle kortreist virke og råstoff, mener jeg det er all grunn til å være ekstra stolt over!

Tusen takk for trivelig og nyttig prat, om alt fra skigardsstaur, panelprofiler og senvokst gran til strøm-forsyning, godstransport og Etnedals sentrale beliggenhet. Jeg ønsker masse lykke til videre med drift og utvikling av en flott bedrift, som også tar vare på gamle tradisjoner!


Med vennlig hilsen
Linda Mæhlum Robøle
Ordfører




Et rikholdig lager av populære utemøbler, som blir levert over hele landet.




På saga blir kortreist tømmer foredla til ulike nyttige produkt, og etterspørselen er stor.


Etnedal kommune



- Minst og best -

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2023



Valgdager:
Valgdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2023 er fastsatt til **mandag 11. september 2023**. Etnedal kommunestyre har vedtatt at det i Etnedal også skal være valgdag **søndag 10. september**.

Det er en stemmekrets i Etnedal og stemmegivning på valgdagene foregår i Etnedalshallen.

Åpningstider:
Søndag kl.13.00 – kl.18.00
Mandag kl.11.00 – kl.18.00

Valgsteder:
Valgstyret har godkjent følgende valgsteder til kommunestyrevalget:
Arbeiderpartiet
Fremskrittspartiet
Kristelig Folkeparti
Senterpartiet
Valglistene er utlagt på kommunes hjemmeside, www.etnedal.kommune.no, og på servicekontoret

Valgkort:
Alle velgere får tilsendt valgkort. Du trenger ikke valgkortet for å stemme, men det går raskere for deg å stemme dersom du tar det med.

Ordinær forhåndsstemmegivning
Torsdag 10. august starter den ordinære forhåndsstemmegivningen. Du kan forhåndsstemme fram til og med fredag **8. september**.

Du kan ikke stemme på nytt på valgdagen hvis du har forhåndsstemt. Du kan heller ikke forhåndsstemme flere ganger.

Forhåndsstemmingen foregår på servicekontoret i tidsrommet fra kl.08.00 – kl.15.30.

Ta med valgkort og legitimasjon!

Instisjonsvalg:
Det avholdes forhåndsstemmegivning på Etnedalshimmen tirsdag 5. september fra kl.11.00 – 13.00.

Hjemmestemming:
Syke og uføre kan avgi forhåndsstemme der de oppholder seg.
Fristen for å be om hjemmestemming er tirsdag 5. september kl.11.00.
Valgansvarlig på tlf. 941 64 449

Tidligstemmegivning
Du kan stemme fra **3. juli** dersom du ikke har mulighet til å stemme innenfor den ordinære perioden for forhåndsstemmegivning, og heller ikke på valgdagen. I perioden 3. juli til og med 9. august må du da henvende deg til kommunen og avtale tid for å stemme. Du trenger ikke valgkort, men ta med legitimasjon.

Utlegging av manntall:
Manntallet legges ut til offentlig ettersyn så snart det lar seg gjøre, etter 30. juni og til og med valgdagen 11. september.

Manntallet blir lagt ut på servicekontoret på Bruflat. Mette Bergene

Stenging av Lykkje bru sommeren 2023

Etnedal kommune skal rehabilitere brua mellom Etnedal bilruter og Etnedal skule, Lykkje bru, i forbindelse med påviste mangler etter en brukontroll. Brua skal få en fullstendig renovering, med blant annet nytt rekkverk og nytt kjøredekk. Brua vil for øvrig få samme bredde som i dag.

Arbeidet skal pågå sommeren 2023, og i den forbindelse blir brua og vegen stengt for kjøring fra og med 19.06.23 til og med 11.08.23. Gangbrua vil være åpen for gående og syklende.

Det vil bli skiltet omkjøring via Espelibygd, fra innkjøring nord for Bygdebørsen.

For korttidsparkering for eksempel i forbindelse med bruk av treningsrommet i hallen, vil det være mulig å parkere på anviste plasser ved Etnedal bilruter. Dette gjelder ikke i forbindelse med organiserte aktiviteter.


Etnedal kommune



- Minst og best -



Velkommen til ny sesong med Stolpejakt i Etnedal!

I området Hellefossen - Lundebrua er det satt ut 15 stolper, og senere i sommer kommer det 25 stolper på Tonsåsen. Alle stolpene kommer til å stå ute til 1.november.

Hva er stolpejakt?
Stolpejakt er en type orientering som går ut på å finne stolper i nærmiljøet som er avmerket på et kart. Kartet finnes både på papir og digitalt i en app som heter «Stolpejakten». Appen lastes gratis ned fra App Store eller Google play. Du velger selv hvor mange stolper du ønsker å finne og registrere. Stolpejakt finnes over store deler av landet, og du kan selvfølgelig samle stolper i så mange kommuner du selv ønsker.

Stolpene har fire ulike fargekoder/vanskelighetsgrad:
GRØNN - svært lett - kan nås med rullestol og barnevogn
BLÅ - lett - langs sti eller vei
RØD - middels - i nærheten av sti
SVART - krevende - her må du ut i skogen

Slik registrere du stolpebesøk:

- **PÅ NETT:** Ta med kartet ut på stolpejakt og noter bokstavkodene du finner på stolpene. Når du kommer hjem, går du inn på www.stolpejakten.no og registrerer kodene du har samlet.

- **MED APP:** Last ned «stolpejakt»-appen gratis til din telefon og ta med mobilen og evt kartet ut på stolpejakt (i appen får du også opp digitalt kart). Skann QR-koden på stolpene du finner med appen på mobilen. Stolper registrert med appen synkroniseres med www.stolpejakten.no neste gang enheten er koblet til internett. (Du trenger ikke bruke mobildata for å registrere stolper.)

- **PÅ PAPIR:** Ta med deg kartet ut på stolpejakt og noter bokstavkodene på stolpene du finner i tabellen på kartet. Lever ferdig utfylt kart (med koder, navn, telefon, osv.) på Servicekontoret eller på Frivilligsentralen innen 1.november 2022.

Papirkart får du på Joker, Matkroken, Bygdebørsen, YX og på Frivilligsentralen. Det kan også lastes ned på www.etnedal.kommune.no.

Alle som deltar på stolpejakt i Etnedal, er med i trekningen av fine premier! For hver stolpe som registreres, sikrer du deg et «lodd» i kampen om premiene!

Du finner mer informasjon på facebook-sida «Stolpejakten i Etnedal», www.stolpejakten.no og www.etnedal.kommune.no.


Dette er et spennende aktivitetstilbud som passer for alle, både liten og stor!

God tur!

Sommeren kom i år og ...



Feplassen på Lenningen 8. juni
Mykje snø på fjellet, men gauken gol,
fortel fotografen Elisabet Kostøl Norling



Etna hadde stor vatnføring ei tid,
men så kom varmen...
Foto: Grethe N. Bjørnødegård



Vannlilje, privat



Prestekrage, privat



På turstigar i nærområdet. Liv Gjertrud Telstø og
hunden Altaj
Foto: Håvard Telstø



Gran i nydeleg, raud knoppskyting
Foto: Maj-Britt Bakken



Ved Steinsetfjorden, foto: Inger Olaug Tollehaug



Hans Solbrekken Ruud med ein pen ørret.
Sommarsesongen er i gang.
Privat

Dåpshøgtider i Bruflat kyrkje



Odin Espelien vart døypt 14. mai.
Frå høgre foreldra Hilde Ringen og Ole Anders S. Espelien, fadrane Ole Martin Ringen, Annhild S. Espelien og Bjørn Mikael Espelien



Adrian Solberg Espelien vart døypt 23. april.
Mor Annhild med Adrian, saman med fadrane Bjørn Mikael S. Espelien, Ole Anders S. Espelien, Trude Sveen og Kari Elin Solberg Saglien.

Forsida: Louise Bergene saman med foreldrar og fadrar etter dåpen 9. april.

Jorid Bergsbakken, Joachim Sveen med Henry Elias, storebror til dåpsbarnet, foreldra Trude Sveen og Jostein Bergene med dåpsbarnet, Kristian Bergene og Karianne Rogne. Sjå forsida.



Dåpsbarnet Louise Bergene saman med foreldra Trude Sveen og Jostein Bergene.



Slekters gang

DØYPTE



Bruflat kyrkje

Louise Bergene	09.04.23
Adrian Solberg Espelien	23.04.23
Odin Espelien	14.05.23
Maja Tonette Merelius Rust	28.05.23

DØDE



Bruflat sokn	Død	Gravferdshandling
Trygve Stubbene	30.04.23	12.05.23
Thor Skjelfjord	18.05.23	26.05.23

Nord – Etnedal sokn

Ola Lauvhaug	12.04.23	21.04.23
Olga Småladen	18.04.23	28.04.23



Maja Tonette Merelius Rust vart døypt 28. mai, 1. pinsedag.

Dåpsbarnet og foreldra Therese Sara Loise Merelius og Martin Tollehaug Rust, saman med fadrane Joachim Texnes, Simen Kristiansen, Christine Gundersen og Chaska Maria Magnusson

Konfirmantane i Etnedal 2023



Gud skapte lyset og livet og meg

NoS 243

Ei av dei nyare salmene vi har lært i konfirmanttida.

Tekst: Vidar Kristensen, melodi: Per Aamodt Tveit

Gud skapte lyset og livet og meg,
og himmelens stjerner og jorden med fjell.
Han vil meg det beste, han kjenner min vei
hver natt og hver morgen,
hver dag og hver kveld.

Omkved

Jeg tror på Gud Fader, jeg tror på Guds Sønn,
jeg tror på Den hellige Ånd.
Så hellig, allmechtig, så god imot meg,
treenige Gud, jeg vil lovsynge deg.

Kongen fra himlen ble født som min bror,
han trøstet de svake, var venn med de små.
Han lærte meg sannhet, han gav meg sitt ord,
han vant over døden og er hos meg nå

Her er min kirke, her hører jeg med,
her møter jeg andre som tror på Guds Sønn.
Den hellige Ånd gir meg trygghet og fred,
vi svarer med tillit og lovsang og bønn.

Bak: Oskar Herstad Fjeld, Eivind Øybakken Elg Fossum, Alfred Holte Breien, Benjamin Øybakken Øvrebø, Kristian Fossum, Madelen Andersen Urberg, Marit prest

Foran: Lene Bakken, Sigmund Lyckander Espelien, Linn Korsvoll, Ingrid Nicolaysen Bergsbakken, Gunnar Stubbene.



Konfirmantane – sett frå prestestolen.

VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



25. juni – 4. søndag i treeinigstida

Preiketekst: Matt. 10, 17-27

kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Gudsteneste med dåp. Takkoffer til
Institutt for sjelesorg

2. juli – 5. søndag i treeinigstida

Preiketekst: Matt. 7, 15-20

kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Gudsteneste med dåp. Takkoffer til
trusopplæring i kyrkjelyden

9. og 16. juli – Inga gudsteneste

23. juli – 8. søndag i treeinigstida

Preiketekst: Matt. 6, 19-24

kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.
Takkoffer til Diakoniutvalet.

Laurdag 29. juli; Slidredomen, fellesgudsteneste i samband med 1000-års-jubileet.

30. juli – 9. søndag i treeiningsstida

Preiketekst: Matt. 11, 28-30

kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Takkoffer til Kyrkjevarden.
kl. 13.00 Omvisning. Open kyrkje til kl. 15.00

6. august – 10. søndag i treeinigstida

Preiketekst: Luk. 5, 27-32

kl. 11.00 N. Lenningen seterhus.
Rummegraut og kaffe.
Takkoffer til NKSS – Laget

13. august – Inga gudsteneste i Etnedal

20. august – 12. søndag i treeinigstida

kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Takkoffer til
Kyrkjevarden. Kyrkjekaffe.
Etter gudstenesta; høve til å
førehandsstemme - soknerådsvalet.
(Og bispedømmerådsvalet)

27. august - 13. søndag i treeiningtida

kl. 11.00 Bruflat kyrkje – «Fyrsteklasses»
gudsteneste» med dåp.
Utdeling av 6-årsbok. Takkoffer til
IKO. Kyrkjesaft- og kaffe.
Etter gudstenesta; høve til å stemme –
soknerådsvalet (Og bispedømmerådsvalet)

3. september – Vingardssøndag –

14. søndag i treeinigstida

Preiketekst: Matt. 20, 1-16

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.
Fellesskapskonsulent Ståle
Sandbekken i Normisjon og
Brødrøster frå Hamar deltek.
Takkoffer til Normisjon. Kyrkjekaffe

Laurdag 9. september -

Kyrkjevandring frå Kyrkjlesletta på
Dalen til Nord-Etnedal kyrkje.
Vandringa er primært for nye konfirmantar,
men er open også for andre interesserte.
Prost Carl Phillip Weisser m. fleire deltek
Frammøte kl. 11.00 ved N. Etnedal kyrkje for sam-
køyring til Kyrkjlesletta. Etter vandringa er det kort
gudstenestesamling pluss servering i kyrkja.

10. september – 15. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Matt. 5, 38-48

kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd.
50-årskonfirmantjubiläum
Takkoffer til IKO

17. september – Inga gudsteneste i Etnedal

24. september – 17. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Joh. 11, 17-19 og 30-46

kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Sang- og
musikk-gudsteneste.
Takkoffer til Norsk Lærarakademi

1. oktober – 18. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Matt. 8, 14-17

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.
50-årskonfirmantjubiläum
Takkoffer til konfirmantarbeidet i
kyrkjelyden.

Med atterhald om eventuelle endringar.
Gudstenestene blir annonsert i avisa Valdres,
på heimesida vår; Kyrkja.no/Etnedal og på
facebook-sida Kyrkja i Etnedal.

Avkjøling i sommarvarmen



Foto: Håvard Telstø